



Møteprotokoll

Utval:	Utval for samfunn
Møtestad:	Rådhuset møterom Hjetland
Dato:	05.06.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 13:00

Faste medlemmer som møtte:	Parti
Monica Oppedal	AP
Øyvind Fjelde – fekk permisjon frå møtet kl 12:00	AP
Hroar Holm Carlsen – fekk permisjon frå møtet kl 11	H
Heidi Marie Skaar Beinnes	SV

Forfall meldt frå følgjande medl	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Jonas Haugsbø	SP	Askel Rødland – fekk permisjon frå møtet kl 12	UAVH

Frå administrasjonen møtte:	
Jan Kaare Hellevang	Kommunalsjef samfunn
Jorunn Flæthe	Sekretær

Underskrifter:

Monica Oppedal

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
009/26	Referatsaker og meldingar	
010/26	Kommunalsjefen si orientering	
011/26	Prosjektmidlar kultur og folkehelse - justering av tildelingskriterium	
012/26	Høyring - Plan for førebyggjande arbeid i Høyanger kommune	
013/26	Omklassifisering av vegar i Høyanger kommune	
014/26	Retningslinjer for leige av torgplass i Høyanger sentrum	
015/26	Bustadpolitisk handlingsplan 2026 - 2030 Høyring	

009/26: Referatsaker og meldingar

Utval for samfunn 05.06.2026

Behandling:

Referatsaker

Det låg ikkje føre referatsaker.

Handsaming av saker på saklista:

Utval for samfunn vedtok å handsame sak 10/26 Kommunalsjefen si orientering, etter sak 15/26.

SF- 009/26 VEDTAK:

Utval for samfunn tar referatsaker/meldingar til orientering.

010/26: Kommunalsjefen si orientering

Utval for samfunn 05.06.2026

Behandling:

Hroar Holm Carlsen var ikkje tilstades under handsaming av denne saka.

Kommunalsjef samfunn, Jan Kaare Hellevang, orienterte om følgende saker:

- Planprogram kommunedelplan for idrett, kultur og fritid v/einingsleiar kultur og mangfald Jeanette W.F. Walsvik
- Tertialrapport v/økonomisjef Kristian Ølmheim
- Kompetanse og rekrutteringsplan v/personalsjef Arnvid Hovland
- Klagesak - løyve til påbygg i Ortnevik v/einingsleiar plan, prosjekt og forvaltning Synne Vefring
- Oppstart detaljreguleringsplan K1 trappa v/einingsleiar plan, prosjekt og forvaltning Synne Vefring
- Intensjonsavtale med Hjetlandsbakkane burettslag – MMNF v/prosjektleiar Jaran Vefring
- Forstudie Beredskap - status v/Avdleiar beredskap Sonja Myrekrok

SF- 010/26 VEDTAK:

Utval for samfunn tar saka til orientering.

011/26: Prosjektmidler kultur og folkehelse - justering av tildelingskriterium

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek tildelingskriterium for prosjektmidler kultur og folkehelse slik dei ligg føre, per 18 juni 2026.

Utval for samfunn 05.06.2026

Behandling:

Einingsleiar kultur og mangfald, Jeanette W.F. Walsvik, orienterte om saka.

Øyvind Fjelde (AP) sette fram følgande endringsframlegg:

Pkt 5 Krav til søknad, fjerne kulepunkt: Opplysning om organisasjonen sin økonomiske situasjon, inkludert disponible midlar på søknadstidspunkt

Avrøysting:

Det vart røysta alternativt over kommunedirektøren si tilråding og framlegg frå Fjelde:

Kommunedirektøren si tilråding: 2 røyster (H, SV)

Framlegg frå Fjelde: 3 røyster

SF- 011/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek tildelingskriterium for prosjektmidler kultur og folkehelse slik dei ligg føre, med følgande endring:

- Pkt 5 Krav til søknad, fjerne kulepunkt: Opplysning om organisasjonen sin økonomiske situasjon, inkludert disponible midlar på søknadstidspunkt

012/26: Høyring - Plan for førebyggjande arbeid i Høyanger kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

Planutvalet vedtek å legge Plan for førebyggjande arbeid i Høyanger kommune, ut på høyring med høyringsfrist 31.07.2026.

Utval for helse og omsorg 04.06.2026

Behandling:

Felles framlegg - samrøystes vedteke:

Planutvalet vedtek å legge Plan for førebyggjande arbeid i Høyanger kommune, ut på høyring med høyringsfrist 31.08.2026.

HS- 014/26 FRAMLEGG:

Planutvalet vedtek å legge Plan for førebyggjande arbeid i Høyanger kommune, ut på høyring med høyringsfrist 31.08.2026.

Utval for samfunn 05.06.2026

Behandling:

Prosjektleiar, Inger Anette Vik Olsen, orienterte om prosessen og planen.

Avrøysting

Utval for helse og omsorg sitt framlegg: Samrøystes vedteke

SF- 012/26 VEDTAK:

Planutvalet vedtek å legge Plan for førebyggjande arbeid i Høyanger kommune, ut på høyring med høyringsfrist 31.08.2026.

013/26: Omklassifisering av vegar i Høyanger kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek at Høyanger kommune fråskriv seg eigedoms- og vedlikehaldsansvaret for dei aktuelle omklassifiserte vegane som går fram av matrise og vedlegg i saka.
2. Kommunestyre vedtek at der det er fleire brukarar av vegen, bør det vurderast å opprette veglag.

Utval for samfunn 05.06.2026

Behandling:

Einingsleiar kommunalteknisk drift, Geir-Øyvind Hovlandsdal, orienterte om saka.

Heidi Beinnes stilte spørsmål om inhabilitet sin sidan ho er grunneigar for vegstrekinga nr KV29, Tangenvegen til skytebana, i Vadheim.

Utval for samfunn vedtok samrøystes at Beinnes er ugild ved handsaming av denne vegstrekinga.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding for vegstrekinga KV29: Samrøystes vedteke (Beinnes gjekk frå som ugild under avrøystinga for denne vegstrekinga)

Resten av kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

SF- 013/26 VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek at Høyanger kommune fråskriv seg eigedoms- og vedlikehaldsansvaret for dei aktuelle omklassifiserte vegane som går fram av matrise og vedlegg i saka.
2. Kommunestyre vedtek at der det er fleire brukarar av vegen, bør det vurderast å opprette veglag.

014/26: Retningslinjer for leige av torgplass i Høyanger sentrum

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek «Retningslinjer for leige av torgplass i Høyanger kommune» slik dei ligg føre.

Utval for samfunn 05.06.2026

Behandling:

Einingsleiar bygg og eigedom, Steffen Luggenes, orienterte om bakgrunn for saka.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

SF- 014/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek «Retningslinjer for leige av torgplass i Høyanger kommune» slik dei ligg føre.

015/26: Bustadpolitisk handlingsplan 2026 - 2030 Høyering

Kommunedirektøren si tilråding:

Planutvalet vedtek å legge Bustadpolitisk handlingsplan for Høyanger kommune ut på offentlig høyring og ettersyn med frist 21. august 2026.

Utval for samfunn 05.06.2026

Behandling:

Økonomisjef Kristian Ølmheim orienterte om planen.

Monica Oppedal sette fram følgende endringsframlegg:

Planutvalet vedtek å legge Bustadpolitisk handlingsplan for Høyanger kommune ut på offentlig høyring og ettersyn med frist 16. august 2026.

Avrøysting:

Framlegg frå Oppedal: Samrøystes vedteke

SF- 015/26 VEDTAK:

Planutvalet vedtek å legge Bustadpolitisk handlingsplan for Høyanger kommune ut på offentlig høyring og ettersyn med frist 16. august 2026.